



Harald Olaussen
Hodnesdalsvegen 57
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2106 - 17/22511

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
15.08.2017

Førebels svar - trong for tilleggskontroll gbnr 195/238 Leiknes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om oppføring av garasje

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Det går fram av søknaden at eigedommen som garasja skal førast opp på er ubebygd. Dette fører med seg at det ikkje er mogleg å søke om tiltak utan ansvarsrett då dette kun gjeld for bebygd eigedom. Dersom de samanføyar eigedomane kan tiltaket søkast om slik de har tenkt. Samanføyning av eigedommar er ikkje gebyrbelagd og kan gjennomførast utan kostnader. De kan ta kontakt med geodataavdelinga i kommunen for spørsmål kring dette.

Dersom de vil at eigedommen fortsatt skal være ein sjølvstendig eigedom, må søknaden supplerast.

Vi ber om at søknaden då vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om tiltak på ubebygd eigedom krev bruk av ansvarleg foretak. De må benytte dykk av foretak eller søke om fritak for dette.
2. Bygging av garasje på ubebygd eigedom krev dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen. Søknad om dispensasjon må også nabovarslast.
3. De må ta kontakt med vegavdelinga i kommunen for å avklare om etablering av garasje på eigedommen vil krevje søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle mot offentlig veg.

Kommunen ber om at tilleggskontrollen vert sendt inn samla innan 30.09.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Harald Olausen

Hodnesdalsvegen 5915
57

HJELMÅS